



Valldal

Styremøte i Valldal Bygdekvinnelag mandag 7. april på Linge.

Før møtet var vi samla på Linge gartneri kl. 16.15 for klargjering av blomsterhelsing til påske for medlemmene.

Til stades: Bjørg, Mette NV, May, Magnhild

Forfall: Gerd.

Solveig møtte som vara og tok imot oss i heimen sin med god heimebakst.

Mette M møtte sist i møtet.

32 flotte stemorsblomster i potte vart merka og fordelt for utkøyring til medlemmene.

Takk til Linge gartneri som gjer dette mogleg!

Sakliste:

55/25 Oppfølging av tidlegare saker:

Prosjekt skulekjøkken (23/25)

Treng å kome i gang med prosjektet så snart som råd, skulen kallar inn til møte i arbeidsgruppa like etter påske. *Mette NV følgjer opp.*

Bygdefrukost (54/25)

Vart omsnakka på siste styremøte. Tanken er å lage til frukost for bygdefolket til hausten, der vi byd på god mat til ein rimeleg pris ein laurdag el. søndag formiddag. Alternativt tidspunkt er slutten av september. Klubbhuset er ein aktuell stad der ein også kan få til aktivitetar utandørs for borna, ev. samarbeide med nokon som kan ta seg av det. Sjekke ut kor dette vil passe inn til andre planlagte arrangement, og ta kontakt med VIL for leige av huset. *Bjørg følgjer opp.*

Olsok (16/24)

Leiar har motteke brev frå VIL der ein ønskjer tilbakemelding om medlem og varamedlem til arrangementskomiteèn. Solveig og Nelly var involvert i dette i 2024, og har sagt seg viljuge til å vere med også i 2025. Dei har god erfaring frå fjoråret mtp. organisering og kva som fungerte bra. Det trengs mange for å fylle vaktlista sjølvé arrangementsdagen, eit forslag frå styret er å ta kontakt med ei skuleklasse (9.kl.) med tilbod om vakter til ein oppgitt pris.

Bjørg tek kontakt med klassekontaktene.

Heidersbevisning (52/25)

Leiar har fått tilsendt retningslinene for tildeling av dette. Styret lokalt/distriktsstyret utnemner slike heidersbevisningar. Treng berre å sende eit innspel/søknad til VBK sentralt i forkant.

Sjekke ut den/dei kandidatar som er kvalifisert til ein slik pris. *Bjørg følgjer opp.*

Bygdekvinnekveld 6.mai (49/25)

Var omtalt på sist styremøte, ev. utandørs arrangement.

Pga litt usikre vertilhøve/temperatur, vel ein å ha dette innandørs (Valldal skule), og utsette utandørs arrangement til juni-møtet. Program blir utsendt etterkvart.

Helsingar til jubilantar (53/25)

Nokre medlemmer fyller «runde eller halv-runde» år i 2025, og det har vore vanleg å sende ei blomsterhelsing til desse. Styret kom fram til at eit gåvekort hos Linge gartneri vil vere eit godt alternativ.

Neste styremøte vert 22.mai.

Møtet slutt kl 19.00, takk for oss!

Magnhild
ref.